

Notat – nr. 1/2023

Randi Bergem og Finn Ove Båtevik

Strategisk samarbeid Volda og Ørsta kommunar

Folkehelse i livsløpsperspektiv



HØGSKULEN I VOLDA

Forfattar	Randi Bergem og Finn Ove Båtevik
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/

Strategisk samarbeid Volda og Ørsta kommunar.
Folkehelse i livsløsperspektiv

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjoner av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Føreord

Volda og Ørsta kommunar er i ein prosess der dei skal vurdere å etablere meir strategisk samarbeid. I samband med det vert det – i perioden hausten 2021–våren 2023 – gjennomført fire samlingar for folkevalde, kommunalsjefar og tillitsvalde. Etter kvar samling skal det skrivast eit notat som summerer hovudpunkt frå samlingane. Dette er notat frå den tredje samlingen, som var i Hornindal 10. november 2022.

HVO, 1. februar 2023

Randi Bergem og Finn Ove Båtevik

Innhald

Føreord.....	1
Innhald.....	2
Innleiing	3
Plattform for samarbeid.....	3
Om samlinga	4
Folkehelsearbeid og livsløpsperspektiv.....	4
Folkehelse og lokalt folkehelsearbeid	4
Folkehelse i livløpsperspektiv.....	5
Gruppearbeid og Mentimeter	6
Avslutning.....	8
Referansar	9

Innleiing

I 2013 vart det inngått ein intensjonsavtale om samarbeid mellom Volda og Ørsta kommunar. Med grunnlag i intensjonsavtalen vart det i 2020 skrive eit notat om (vidare)utvikling av samarbeid mellom dei to kommunane. Kommunestyra har slutta seg til innhaldet notatet, og til prosessen som er skissert der.¹ Føremålet med samarbeidet er:

- Berekraftig utvikling av lokalsamfunnet / **samfunnsutvikling**
- Gode og effektive **tenester** til innbyggjarane

Kommunedirektørane i Volda og Ørsta kontakta Høgskulen i Volda (HVO) med tanke på bidrag i prosessen. Det vart gjort ein avtale mellom kommunane og HVO om at høgskulen skal bidra med eit opplegg retta mot samarbeid om samfunnsutvikling / berekraftig utvikling av lokalsamfunnet.² Det som gjeld samarbeid om gode og effektive tenester til innbyggjarane er ikkje inkludert i bidraget frå HVO. Det er kanskje nødvendig å poengtere at det er samarbeid som er stikkordet, og ikkje samanslåing av kommunane.

Plattform for samarbeid

Som utgangspunkt for å kome i gang med eit samarbeid om samfunnsutvikling, vil det vere føremålstenleg for kommunane å ha ei felles plattform for arbeidet med samfunnsutvikling. Høgskulen i Volda si rolle i prosessen er å bidra med innsikt i perspektiv som er viktige for samfunnsutvikling, og å prøve å skape eit utgangspunkt for vidare samarbeid. Følgjande aktivitetar inngår i bidraget frå høgskulen:

- **Grunnlagsnotat: Volda og Ørsta som region og lokalsamfunn - Nokre perspektiv på strategisk samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta.** Grunnlagsnotatet vart publisert i september 2021. Tema som er drøfta der er korleis ein kan forstå regional utvikling, Volda og Ørsta som region, demografi og sosiale forhold og forholdet mellom regionen og lokalsamfunna i regionen. I notatet er det også skissert nokre problemstillingar som folkevalde og andre aktørar i kommunane kan legge til grunn for drøftingar rundt samarbeid om heilskapleg og berekraftig samfunnsutvikling.
- **Fire samlingar / verkstader** i perioden hausten 2021 - våren 2023
Tema for samlingane er:
 - Samling 1. Folkevalde – roller og ansvar i samfunnsutviklinga
 - Samling 1: Innbyggarmedverknad
 - Samling 2: Stadidentitet
 - Samling 3: Livsløpsperspektivet
 - Samling 4: Sosial berekraft
- **Digitale ressursar til samlingane**
- **Notat med oppsummeringar frå samlingane**

Når det gjeld dei fire samlingane, er det valt tema som er sentrale for arbeid med samfunnsutvikling. Samlingane/verkstadene inneheld faglege innleiingar frå folk ved HVO, med påfølgjande diskusjonar med utgangspunkt i innleiingane. Problemstillingane og diskusjonane skal i størst mogleg grad knytast til situasjonen i Volda og Ørsta (jf. t.d. notat om utviklingstrekk). Høgskulen i Volda utformar problemstillingar for diskusjonane.

¹ Kommunane har fått midlar til prosessen frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

² Det er tilsette ved Avdeling for samfunnsfag og historie ved HVO som er involverte i arbeidet.

Føremålet med prosjektet er å skape utgangspunkt for meir samarbeid mellom Volda og Ørsta kommunar, og at aktørar i kommunane - særleg folkevalde – skal få innsikt i og inspirasjon til å utvikle samarbeidet til beste for ei berekraftig og god samfunnsutvikling.

Om samlinga

Også denne samlinga tok utgangspunkt i måla for samarbeidsprosjektet. Særleg vart det lagt vekt på ei formulering i samarbeidsnotatet frå 2020. Der står det at **samarbeidet bør sjåast i eit heilskapleg berekraftig perspektiv, der ein handlar i notid for å styrke framtidige generasjonar sitt livsgrunnlag.**

Deltakarar på samlinga var folkevalde i dei to kommunane, kommunedirektørar, kommunalsjefar, planleggjarar og tillitsvalde. På samlinga i Hornindal 10. november 2022 var det rundt 50 politikarar og 10 frå administrasjonane i Volda og Ørsta kommunar.

Samlinga starta med at Sølvi Dimmen, ordførar i Volda, og Karen Høydal, varaordførar i Ørsta, ønskte velkommen til samlinga. Deretter innleidde Randi Bergem, Høgskulen i Volda, med å snakke om føremålet med prosjektet Strategisk samarbeid Volda- Ørsta, og ho introduserte opplegget for denne tredje samlinga.

Samlinga bestod elles av faglege innlegg, gruppearbeid og panelsamtale. Finn Ove Båtevik, professor ved Høgskulen i Volda, hadde innlegg om folkehelse i livsløpsperspektiv (meir om det seinare i notatet), og Petter Jenset, rådgjevar i Møre og Romsdal fylkeskommune, gav oss innblikk i folkehelsetiltaka Morotur og StikkUt. Jenset la særleg vekt på kommunane si rolle i tiltaka, og betydninga av at tiltaka har ein regional profil. Samlinga vart avslutta med ein panelsamtale mellom Geirmund Dvergsdal, rådgjevar for samfunnsutvikling i Stryn kommune, Gro Bårdseth, førstelektor i samfunnsplanlegging ved Høgskulen i Volda og Randi Bergem, Høgskulen i Volda. Tema i panelsamtalen var om areal under press, medverknad og planlegging for folkehelse.

Folkehelsearbeid og livsløpsperspektiv

Folkehelse og lokalt folkehelsearbeid

Lov om folkehelsearbeid vart sett i verk i 2012. Føremålet med lova er å bidra til samfunnsutvikling som fremmer folkehelse og jamnar ut sosiale skilnader i helse. Folkehelsearbeidet skal fremme helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade og lidning.

Ifølge folkehelselova er **folkehelse**: «Helsetilstanden i befolkninga og korleis helse fordeler seg i ei befolkning. Og **folkehelsearbeid** er:

Samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.

Med den tilnærminga til folkehelse som ligg til grunn for Lov om folkehelsearbeid, er utvikling av aktive og trygge lokalsamfunn viktig folkehelsearbeid.

Koplinga mellom planlegging og folkehelse er vektlagt i mange samanhengar, og ikkje minst i folkehelselova (2011) og plan- og bygningslova (2008). Prinsippet om «helse i alt vi gjer» skal legge

føringer på organisering, styring og leiing av folkehelsearbeidet på alle nivå. Det inneber at alle politikkområde og tenester har ei rolle i folkehelsearbeidet.

Folkehelselova § 1 peikar på at samordning mellom forvaltningsnivå og **langsiktig og systematisk arbeid** er nødvendig for å betre folkehelsa og utjamne sosiale skilnader i helse. Difor bør livsløpsperspektivet vere sentralt i folkehelsearbeidet.

Folkehelse i livsløpsperspektiv

Den demografiske utviklinga viser at eldre vil utgjere ein endå større del av befolkninga framover enn tilfellet er i dag. Utfordringane som det gir, står på dagsordenen i alle kommunar, også i Volda-Ørsta-regionen. Det er gode grunnar til det. Mellom anna fordi utviklinga i retning fleire eldre med tenestebehov tilseier at det trengst store ressursar når det gjeld arbeidskraft og økonomi. I periodar der somme saker får ekstra stor merksemd, kan det vere ekstra vanskeleg å tenkje langsiktig. Samtidig kan dei vala vi gjer i dag ha stor betydning langt fram i tid. Det betyr mykje for framtidia korleis kommunane disponerer ressursar og areal og kva tiltak som blir lagt til rette for barn og unge osb. Dette var noko av utgangspunktet for at folkehelse i livsløpsperspektiv vart tema for den tredje samlinga i prosessen med å legge grunnlag for utvida strategisk samarbeid mellom kommunane Volda og Ørsta.

Det konkrete utgangspunktet for at livsløpsperspektivet er sentralt kan illustrerast med følgjande sitat frå Helsedirektoratet (2022): *Det er en tydelig sammenheng mellom belastninger i barndommen og negative utfall senere i livet. Jo flere belastninger i barndommen, desto flere negative utfall for helse og livskvalitet senere i livet.* Oppvekstvilkår vil såleis har betydning for framtidig arbeidsevne og livskvalitet. Dette kan gjelde psykisk helse, men også somatiske helse som for eksempel muskel- og skjelettlidinger.

Den konkrete nytten av å legge livsløpsperspektivet til grunn kan oppsummerast i at tal funksjonsfriske leveår for den norske befolkninga auka med meir enn fire år mellom 1995 og 2017 (Storeng mfl., 2021). Den norske befolkninga blir ikkje berre eldre, men mange får leveår i høg alder med betre helse. Dette må forståast som resultat av ei samfunnsutvikling der det er lagt vekt på å styrke velferdstilboda for befolkninga, både nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Friske eldre er ein ressurs for samfunnet, og det er ikkje tilfeldig at det er slik. Det handlar om livsvilkåra dei har hatt gjennom livsløpet.

Ei slik påminning understrekar betydninga av å legge vekt på folkehelse blant barn og unge som veks opp i bygdene våre. Helsedirektoratet har peikt ut ti utfordringar for barn og unge. På samlinga valde vi å løfte fram éi av desse utfordringane, den som handlar om fysisk aktivitet og aktiv fritid. Eit mål for den faglege innleiinga på samlinga var å legge grunnlag for ei idémyldring om tiltak som kan vere aktuelle i Volda-Ørsta-regionen.

At vi valde fysisk aktivitet som tema hadde fleire årsaker. Mykje stillesitting i skule og fritid er ei utfordring. Mange ungdomar, men også relativt mange barn, tilfredsstiller ikkje tilrådingane frå helsestyresmaktene til fysisk aktivitet. Kostnadane ved å drive organisert fysisk aktivitet er i tillegg ei særleg utfordring for barn og unge som veks opp i låginntektsfamiliar. Derfor er det særleg behov for lågterskeltiltak. Tiltak som gir vinst for låginntektsfamiliar er særleg viktige. Det er blant denne delen av befolkninga helsegevinsten størst, fordi desse gruppene kjem dårlegast ut på folkehelsestatistikken (jf. f. eks. Sund, Vist og Krokstad, 2016). Lågterskeltiltak er det fleire av i kommunane i regionen. Volda har for eksempel etablert ein BUA-sentral. Samtidig kan det vere interessant å sjå kva potensial det er for regionale tiltak på området. Deltakarane på samlinga vart derfor utfordra til å drøfte slike lågterskeltiltak, som del av samarbeidet mellom Volda og Ørsta.

StikkUT og Morotur vart særleg omtalte på samlinga, og brukte som eksempel på konkrete lågterskeltiltak med ein klar regional profil. Dette er tiltak som involverer fylkeskommune, friluftsråd, kommunar, frivillige og grunneigarar. Tiltaka legg grunnlag for ein meir aktiv livsstil og representerer alt frå turar i nærmiljøet til meir utfordrande aktivitet. Samtidig som dei har eit mål om å styrke regional identitet. Samarbeid er eit sentralt stikkord i ordningane. Slik sett er tiltaka gode eksempel med tanke på tiltak der det er viktig å legge til rette for strategisk samarbeid mellom kommunar.

Som konkrete eksempel på tiltak retta mot barn og ungdom, er det måten å arbeide på (profilen) som er interessant, meir enn innhaldet i ordninga i seg sjølv. StikkUT! og Morotur er tiltak som primært treffer andre grupper enn barn og unge. Men vi meiner det er mykje å lære av desse ordningane når målet er å legge til rette for tiltak på tvers av kommunane. Kva kan vere barne- og ungdomsutgåvane av «StikkUT!», og kva skal til for å etablere lågterskeltiltak med fysisk aktivitet som treffer særleg desse målgruppene?

Sjølv om betydninga av regionalt samarbeid var veklagt på samlinga, er det verdt å minne om nytten av å kople ressursar frå alle nivå, frå det nasjonale til det lokale. Som eitt eksempel på det vil vi trekke fram «den nasjonale dugnaden for å bidra til at alle barn og unge kan delta i fritidsaktiviteter», kjent under namnet ALLEMED (<https://www.allemed.no/>).

Gruppearbeid og Mentimeter

Før deltakarane på samlinga gjekk i gang med gruppearbeidet, vart kvar enkelt deltakar oppmoda om å gi respons, via Mentimeter, på utfordringa: Kom med forslag til idear til lågterskeltiltak for barn og unge. Ordsuka nedanfor oppsummerer forslaga.



Ordsuka viser mange gode forslag til lågterskeltiltak. En del av dei kan vi kalle alternative tiltak, i den meinenga at det er tiltak som normalt ikkje vert nemnde i samanhengar der tiltak for barn og unge er tema. Det er tiltak som føreset at stader / plassar er tilgjengelege, lette å oppsøke og få tilgang til. Det er tiltak som kan brukast utan at det kostar noko eller ikkje kostar mykje. Det er tiltak utan faste

opningstider, eller med svært fleksible opningstider. Vi meiner mange av forslaga er gode utgangspunkt for å setje i gang prosessar med å velje ut og utvikle lågterskeltiltak for barn og unge i Volda/Ørsta-regionen.

Etter ei kort økt med Mentimeter, gjekk forsamlinga over til gruppearbeid med inndeling i grupper på tvers av kommunane. Oppgåvene til gruppene var:

- Skisser **eitt forslag til lågterskeltiltak for barn og unge**, særleg retta mot dei som ikkje er med i organiserte aktivitetar.
- Korleis kan Volda og Ørsta kommunar – ev. i lag med andre aktørar - arbeide og samarbeide for å realisere tiltaket?
- Skisser starten på ein prosess.

Hovudføremålet med gruppearbeidet er at deltakarane – på tvers av kommunar – skal drøfte spørsmål rundt det som er tema for samlinga. Poenget er at dei skal reflektere rundt temaet og prøve å relatere det til prosessar og moglege tiltak i eit samarbeid mellom kommunane. Sjølv om det er diskusjonane i seg sjølve som er det aller viktigaste, vil vi nedanfor omtale nokre av dei innspela til konkrete tiltak som kom fram i gruppearbeida.

Forslag til lågterskeltiltak for barn og unge

- Ruste opp møteplassar/leikeplassar med aktivitetar som er tilpassa barn og unge. Fleire stader i t.d. bustadområde, er det mange slike plassar som er gjengrodde og därleg stelte. Det kan gjerast noko med. Det må også vurderast å etablere fleire slik arenaer.
- Eigenorganiserte aktivitetar er viktig fordi barn og unge i større grad må få høve til å utvikle sosial kompetanse i leik og aktivitet som ikkje er styrt og ‘kontrollert’ av vaksne.
Ressursbruken til nemnde tiltak vil vere samfunnsøkonomisk lønsamt på sikt, ved at resultatet vert mindre fråfall/utanforsk og konsekvensar det har for barn/ungdom i eit livsløpsperspektiv.

Forslag til lågterskeltiltak Volda og Ørsta kan samarbeide om:

- Møteplassar
 - Revitalisere ballplassar
 - Montere høgtalarar som barn og unge som brukar plassane kan kople seg til
 - Montere treningsapparat
- Gode uteområde for skular og barnehagar – med kvalitet. Det må vere betre vilkår for utforsking og sansebruk.
- Felles frisklivssentral/frisklivskoordinator for barn/unge i Volda og Ørsta.
- Aktivitetshus for ungdom. Samlingsstad på ulike stader i Volda/Ørsta der unge kan møtest til eigenorganiserte aktivitetar (band/musikk, teater, mekking, dans, gaming)
- Volda og Ørsta kan samarbeide om UKM
- Tiltak/tilbod for motorinteresserte:
 - Reodor Felgen-klubb.
 - Mekking i samarbeid med aktørar i næringane og vidaregåande skular
 - Samarbeide med amcar-miljøet, Trygg Trafikk, Politi mfl.
- Gaming – utstyr til desentraliserte gamingtilbod

Korleis starte ein prosess?

- Få oversikt over eksisterande stader/plassar
- Kartlegge ressursar og behov
- Involvere ungdomsrådet til å prioritere / utforme desse plassane
- Høyre på/medverknad frå barn og unge. Spørje barn og unge kva dei meiner

- Eventuelt involvere grendelaga
- Gi tilgang til kommunale ressursar i form av utstyr, maskinar og reiskapar for eldsjeler som ønskjer å bidra
- Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar (Idrettsråd, Røde Kors, helselag/Sanitet, kyrkj mfl.)
- Kontakte frivillige og frivillige organisasjonar, og utfordre dei til å stille med vertskap/’tilsyn’

Vegen vidare

Vi meiner at forslaga til tiltak / idear som kjem fram i ordskya og frå gruppearbeidet, er eit godt grunnlag for å velje lågterskeltiltak å gå vidare med. I prosessen med å velje ut eit par tiltak, kan det vere føremålstenleg å invitere ungdomsråda i kommunane til eit møte / verkstad. Når eit par idear / tiltak er valde, kan det kanskje vere føremålstenleg å involvere fleire grupper barn og unge i utviklinga av tiltaka. Kven i kommunane som bør ha ansvar, kjem an på kva lågterskeltiltak som er aktuelle. Uavhengig av tiltak, bør frivillige lag og organisasjonar mobiliserast som samarbeidspartar.

Vi trur det er føremålstenleg også å involvere fylkeskommunen og / eller andre regionale samarbeidspartar. I fylkeskommunen er det mykje erfaring med og kunnskap om tiltak for barn og unge, og fylkeskommunen har nettverk til andre moglege samarbeidspartar. Ikkje minst har dei god oversikt midlar som kommunane, lag og organisasjonar kan søke på. Det kan vere prosjektmidlar e.l. som fylkeskommunen forvaltar, eller støtteordningar hos andre instansar.

Avtal

Dette notatet oppsummerer den tredje samlinga i prosjektet *Strategisk samarbeid Volda og Ørsta*. Samlinga var på Grodås 10. desember 2022. Tema for samlinga var *folkehelse i livsløpsperspektiv*. På samlinga vart det særleg lagt vekt på lågterskeltiltak for barn og unge. Temaet for samlinga er forankra i notat om samarbeidet (Volda og Ørsta kommunar, 2020), der det står at **samarbeidet bør sjåast i eit heilskapleg berekraftig perspektiv, der ein handlar i notid for å styrke framtidige generasjonar sitt livsgrunnlag**.

Det betyr mykje for framtida korleis kommunane disponerer ressursar og areal og kva tiltak som blir lagt til rette for barn og unge. Oppvekstvilkår har betydning for framtidig arbeidsevne og livskvalitet. Mange ungdomar, men også relativt mange barn, tilfredsstiller ikkje tilrådingane frå helsestyresmaktene til fysisk aktivitet. Kostnadane ved å drive organisert fysisk aktivitet er i tillegg ei særleg utfordring for barn og unge som veks opp i låginntektsfamiliar. Tiltak som gir vinst for låginntektsfamiliar er særleg viktige. Det er blant denne delen av befolkninga helsegevinsten størst, fordi desse gruppene kjem dårlegast ut på folkehelsestatistikken.

På samlinga vart det lagt vekt på å drøfte konkrete tiltak, men vi var også opptekne av å snakke om måtar å arbeide med / organisere lågterskeltiltak på. I den samanhengen meiner vi det er mykje å lære av t.d. StikkUT og Morotur. Desse ordningane har nådd målet om å legge til rette for tiltak på tvers av kommunane, med grunnlag i eit breitt samarbeid mellom sektorar og forvaltningsnivå.

Vi foreslår at Volda og Ørsta kommunar tek tak i forslaga/ideane til lågterskeltiltak som kom fram på denne samlinga. Ungdomsråd, andre grupper barn og unge bør involverast i val av tiltak som det kan vere interessant å starte med. Det kan gjerne vere lurt å velje ut eitt eller to slike tiltak, og gjennom desse også skaffe seg erfaringar som kan vere nytige å ha med vidare. I utviklinga og drift av tiltaka bør frivillige lag og organisasjonar, private, fylkeskommunen og andre involverast som samarbeidspartar.

Referansar

Helsedirektoratet (2022). *Folkehelse i et livsløpsperspektiv - Helsedirektoratets innspill til ny folkehelsemelding* [nettdokument]. Oslo: Helsedirektoratet (sist faglig oppdatert 11. mars 2022, lest 27. oktober 2022). Tilgjengelig fra <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/folkehelse-i-et-livsløpsperspektiv-helsedirektoratets-innspill-til-ny-folkehelsemelding>

Sund, E. R., Vist, G. og Krokstad, S. (2016). *Reduksjon av sosiale ulikheter i helse. Hva kan gjøres på lokalt og regionalt nivå?*

https://www.ntnu.no/documents/10304/1130562/Red_av_sosiale_ulikheter_web.pdf/9fb99844-7988-4f19-b352-623761d13418

Storeng, S. H., Øverland, S., Skirbekk, V., Hopstock, L. A., Sund, E. R., Krokstad, S. og Strand, B. H. (2022). Trends in Disability-Free Life Expectancy (DFLE) from 1995 to 2017 in the older Norwegian population by sex and education: The HUNT Study. *Scandinavian Journal of Public Health*, 50(5):542-551.. DOI: 10.1177/14034948211011796